Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11 — Fylke: Telemark.

Tilleggsspørsmålnr. siste side. — Herad: Bø.

Emne: Ymse attåtfor. — Bygdelag:

Oppskr. av: Olav Nordbø. — Gard: Nordbø.

(adresse): Bø Telemark — G.nr. 54 Br.nr. 8 og 10.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eig røynsle og oppskr.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I

Dei grov unnå opp røter og gjev kyra. Det er serleg om våren i vårknipa og forlåysa.

Det er serleg kveke dei nyttar, den grev dei opp og vaskar henne vel og gjev kyra.

Dei ber ofte kvekerøttene i sekkar, eller køyrer med kjørre.

Kveka kan ligge lenge, ho tek ikkje stort skade.

Dei rekna kveka som bra for.

Røtene blir grave opp om våren.

Dei gav au kuspene av desse røtene.

Dei nytta røter da siste verdskrigjen stod på.

Og elles i vår- og for-knipa.

1620

1 IV

Dei nytta mistemåk til agnefôr. Men det var berre i naudsår, når det kneip med fôret.
Dei kokka mistemåka og dei blanda det saman i hop med lauv og bjørkekvist o.a.
Dei slo kokt vatn på så det blei log.
Dei kunne òg nytte agner, mose, høyfrø i. Når ein seier koka, meiner ein at dei slo kokande vatn på.

V

I gamle dagar varmesørpa dei. Dei hadde sørpesåar som var runde som eit kvartel, og lagga.
Dei hadde i hakkelse (ofte med potetgras i) og agner.
Så koka dei kuvatne og slo på sørpa. Det gjorde dei inne. Så bar eller drog dei såane åt fjøset.
Det var om vinteren det.
Dei strøydde på litt havremjøl eller mjøl av blandkorn og lettkorn.
Nede i midten av såen (ved laggane) var eit hol med tapp i.
Dei tok ut tappen og


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

II

tappa ut logen som da var
brun. Den gav dei kyr og
hestar.
Når dei gav hestane sörpe
eller nakkelse gjorde dei
det og på den måten. Da
sla dei på kaldt vatn,
og gav hesten logen.
Underskrivaren har sjöl
gjört det mange ganger.
Dei gav au kyrne rogne-
ber. Dei let ikkje bera stå
til dei blei kure.
Kyrne fekk rogneber-log.
og bera på sörpa.
Dei gav au hönsa rogne-
ber.

Når dei hadde bryggjå gav
dei kyra drau (~~drank~~ mask)
Det var lunka.
Dei tykte at da auka (skvatt)
kunne i mjölka. Det var
ikkje meir utgodta. Der
var næring att i drauet.
Dei fekk logdau höyfrå og
potetgras au.
Det gjinta leuvalne foss-
koke, blei ho ikkje gift
det året. Dei var difor
varsame med kva dei la
under og tyra.

1620

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

## Tillegg.

Ei gamal kone fortalde meg: «Mor tende hjå presten Willemsen. Dei laut spelle med skrap-par, kistemiksårpe, bar o. likn. Mor tykte det var ille og gråt seg for det. Men presten sa: "Når jeg er sulten spiser jeg også brisling." Det var ikkje noko å prate om det, let presten om.

Willemsen var prest i Bø frå 1817 – 1828.

1620
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING